



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/522 - 22/8358

Saksbehandlar:

Jan Kvingedal

jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

19.10.2022

Melding om delegert vedtak - løyve til tiltak i eit trinn - universell gangveg og flytebrygge - gbnr 37/3

Vi syner til søknad motteke 10.10.22

Administrativt vedtak. Saknr: 113/2022

Tiltakshavar:

Masfjorden kommune

Ansvarleg søkjar:

Byggmester Bjørn Rune

Kvinge as

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-3

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-3 og med grunnlag i vedtak om dispensasjon, ref. 20/522-21/4860 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av universell gangveg og flytebrygge på gnr. 37 bnr. 3 på Grøttneset på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan og illustrasjonar datert 12.02.20 og skisse for oppankring av brygge, datert 25-08-22 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Faktisk plassering av heile tiltaket skal vera målt inn og koordinatar sendt kommunen før det kan søkjast om ferdigattest.
4. Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving: Søknad er i samsvar med godkjent dispensasjon i sak 20/522-21/4860. Det er ikkje kome merknader til vedtaket.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) / 23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVARSMRÅDE
SØK	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Ansvarleg søkjar
PRO	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Konstruksjonssikkerheit og oppankring flytebrygge
PRO	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Oppmålingsteknisk prosjektering
PRO	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Veg, uteareal og landskapsutforming
UTF	Frode Haugsvær maskin AS	985442320	S	1	Innmåling og utstikking av tiltak
UTF	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Utførelse av flytebrygge og oppankring av denne
UTF	Frode Haugsvær maskin AS	985442320	S	1	Veg og grunnarbeid, landskapsutforming

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.5	Basisgebyr konstruksjonar og anlegg		9.800,-
	Totalt gebyr å betala		9.800,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING:

1. Bakgrunn

Saka gjeld søknad om etablering av gangveg og flytebryggje på gnr. 37 bnr. 3 ved Grøttneset, der det tidlegare er gitt løyve og no er oppført dagsturhytte. Tiltakshavar har ynskt og gje tilkomst for små barn, eldre og funksjonshemma og har difor søkt dispensasjon frå kommuneplanen for å få etablert gangveg og flytebryggje i området og fram til offentleg veg

2. Fakta

Saka gjeld søknad i eit trinn for etablering av gangveg og flytebryggje. Alle involverte har sentral godkjenning, alle ansvarsområde er plassert i tiltaksklasse 1.

Dispensasjon for tiltaket er tidlegare gjeve og klagefrist for Statsforvalteren er no ute. Det er heller ikkje kome nabomerknader til tiltaket.

Gangvegen blir ca. 920 m og blir kobla saman med eksisterande traktorveg i området. Det blir og etablert ein ca. 45 m lang veg ned til flytebryggja. Bredde på gangvegar blir 1,5 m med utviding der det høver. Flytebrygge er omsøkt til 4,6*3,2 m. forankring i sjø blir senka ned for ikkje å vera til hinder for båttrafikk

3. Konklusjon

Søknad vert godkjent slik den ligg føre.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Rune Kvinge	KVINGEBAKKEVEG EN 97	5981	MASFJORDNES
Kvinge Grendalag	Nordre Kvinge	5981	MASFJORDNES
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES